



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom hjå Hardanger Energi, Ulvik

Dato: 25.05.2023

Klokkeslett: 18:00 – 21:00

Tilstades på møtet

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes,
Johannes Sponheim

Forfall:

Kåre Olai Solheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

19/23: Meldingar

20/23: Orientering v/styreleiar

21/23: Orientering v/sekretær

22/23: Søknad om støtte til bokprosjekt, villreinformvaltning i Nordfjella

23/23: Godkjenning av rekneskap for 2022. Revisjonsmelding

24/23: Eventuelt

Publisert: 01.06.2023

Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Atle Ulgenes/s/

~~Kåre Olai Solheim/s/~~

Johannes Sponheim/s/

19/23: Meldingar

Saksdokument:

Postjournal:

2023.30.03-351.1. Ulvik fjellstyre - Høyringsvar om parkeringsforskrift og adferdsreglar for Tinnhølvegen, Eidfjord kommune
2023.30.03-001.5. Fjellstyra på Hardangervidda AS - Invitasjon til årsmøte 14. april 2023
2023.30.03-362.1. Statskog - Uttale vedr søknad om utsleppsløyve for privat hytte på Finse, Finsebyen 39
2023.31.03-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport Viermyr - Oksabotn, Johannes Sponheim
2023.31.03-612.1. Hardangervidda villreinutval - Søknad om godkjenning av bestandsplan for villrein 2023-2025
2023.05.04-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve helikopter på Finse, Skarverennet 2023
2023.13.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Grjotrust, Arne/Haakon Os
2023.13.04-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå Øvre Numedal fjellstyre, møte 28.03.2023
2023.13.04-012.1. Røldal fjellstyre - Møtebok frå Røldal fjellstyre, møte 28.03.2023
2023.14.04-145.9. Hol Historielag - Søknad om midlar til bokprosjekt om villreinforvaltning
2023.18.04-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Grjotrust, NRK v/Kent-Amar Eriksen
2023.18.04-612.1. Hardangervidda villreinutval - Godkjent bestandsplan for villrein 2023-2025
2023.19.04-612.1. Naturvernforundet - Invitasjon til foredrag om villrein, Odda - 8. mai
2023.13.04-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til bruk av snøskuter i samband med dokumentar, 27.04.23. NRK v/K. A. Eriksen
2023.02.05-001.5. Statsforvaltaren i Vestland - Kvotevedtak villrein, for Nordfjella villreinområde 2023
2023.02.05-001.5. Villreinnemnda for Hardangervidda - Kvotevedtak villrein, Hardangervidda 2023
2023.06.05-434.4. Ulvik fjellstyre - Landingsløyve for helikopter (1 dag) Kaldavasshytta, august 2023, Jostein Minde
2023.06.05-434.4. Ulvik fjellstyre - Uttale til Ulvik herad, snøskuterløyve i samband med tv-produksjon, Arne Hjeltne
2023.10.05-434.4. Ulvik herad - Løyve til bruk av snøskuter i samband med tv-produksjon, 1 dag, Arne Hjeltne
2023.12.05-012.1. Fjellstyra på Hardangervidda AS - Møtebok frå styremøte den 14.04.2023
2023.15.05-001.1. Eidfjord fjellstyre - Innspel til Stortingsmelding om villrein

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær om saker og aktivitet sidan sist møte i fjellstyret 28.03.2023 og fram til dags dato.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom meldingane, og orienterte om saker og aktivitetar sidan sist møte den 28.03.23.

Vedtak (sak 19/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

20/23: Orientering v/styreleiar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/styreleiar.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

- Styreleiar held framleis dialogen med Statkraft i Eidfjord vedrørande utviding av båtslipp ved Langavatnet og muring av ny båtslipp ved båtstøa ved Rundavatnet. Ein tek sikte på at begge arbeider vert gjort sommaren 2023.
- Styreleiar orienterte om flytting av fjellstyrekontoret i samband med at sekretær/fjelloppsyn Ole R. Røkenes tiltrer stillinga som dagleg leiar ved Hardangervidda fjelloppsyn frå 01.01.2024. Kontoret vert i løpet av hausten 2023 flytta til Røkenes til si heimeadresse i Ulvik. Samla årlege utgifter vil ikkje auke i forhold til dagens leigeutgifter. Ulvik fjellstyre sin andel av utgiftene vil verta lågare framover då desse vert delt mellom Ulvik fjellstyre og Hardangervidda fjelloppsyn. Frå 1. januar 2024 vil Ulvik fjellstyre og Hardangervidda fjelloppsyn ha kontoradresse Øvre Skeie 12, 5730 Ulvik.

Vedtak (sak 20/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

21/23: Orientering v/sekretær

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/sekretær

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær orienterte om aktuelle saker.

- Sal av jaktkort villrein. Det er i år generelt god søknad på villreinkort. For innanbygdsjegrar er det 16 søkjarar på Nordfjella villreinområde. Dette er vesentleg fleire enn dei siste åra. Det er også førstegongsjegrar som søker i år. Dette er positivt. 10 bukkekort (eitt kort til kvar jeger) vert tildelt. Dvs at ikkje alle får tilbod om kort på Nordfjella i år. På samjaktavtale Ulvik fjellstyre har med Øvre Nummedal statsallmenning (Hardangervidda), er det noko færre søkjarar i år, men ein freistar likevel å tildelt kort til inntil 10 jegrar slik avtalen opnar for. Antalet utanbygdsøkjarar ligg på 300-400 for kvart av villreinområda. Ulvik fjellstyre tildeler som før kort til inntil 30 utanbygdsjegrar på Osafjellet (Hardangervidda villreinområde). Ulvik fjellstyre er tildelt 149 kort i år på Hardangervidda villreinområde.
- Sekretær orienterte om byggjeprojekta nytt naust ved Kvilinganutvatnet og nytt utedo ved Dyrahola. Detaljplanlegginga er i gang og ein tek sikte på å fullføre begge projekta i løpet av sommaren 2023.
- Sekretær orienterte om status på utleige av hytter, herunder økonomi. Hardangervidda fjelloppsyn har 19-21 april gjennomført tilsyn på alle hytter, samt noko vedlikehaldsarbeid. Det er montert ny vedovn i Dyrahola.
- Sekretær orienterte om kartlegging av tur-aktørar i Ulvik statsallmenning. Sekretær har kontakt med Statsforvaltaren i Vestland vedrørende selskap som tilbyr turar på ski eller til fots mot betaling. Slike turar kan etter storleik og/eller omfang vere søknadspliktig. Ulvik fjellstyre har oversikt over kven som tilbyr slike turar.
- Sekretær orienterte om tv-produksjon v/Arne Hjeltne der det etter søknad vart gjennomført tur frå Hallingskeid til Osa den 18.05.2023. Det vart også nytta snøskuter for transport av materiell.
- Sekretær orienterte om planlagt bygging av master for fiberkabel langs kraftlinje frå Åsendalen til vest for demninga på Langavatnet, ei strekning på ca 4 km innanfor Ulvik statsallmenning. Ulvik fjellstyre v/sekretær saman med Statskog, har dialog med Statnett for å setje naudsynte rammer. Det er til no gjennomført fleire møter. Fiberkabel som før har gått langs hovedmastene skal no strekkjast langs 22 nye og lavare master attmed den eksisterande kraftlinja. Ein jobbar no med å setje opp ein avtale mellom Statskog/Ulvik fjellstyre og Statnett som set rammer for bruk motorisert ferdsel, hensyn til villrein og plikt om innstilling av arbeider dersom det er villrein i området. Det må i tillegg etablerast kanalar for god informasjonsflyt mellom Statnett og Statskog/Ulvik fjellstyre. Anleggsperioden vil vera juli – oktober i 2024 og 2025. Riggplass vert etablert på parkeringsplass ved Grasbotntjørnan.

Vedtak (sak 21/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering.

22/23: Søknad om støtte til bokprosjekt, villreinformvaltninga i Nordfjella

Saksdokument:

- Søknad av 11.04.23 frå Hol historielag om midlar til bokprosjekt.

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre har motteke søknad frå Hol historielag om tilskot til bokprosjekt om villreinformvaltninga i Nordfjella. Hol historielag søker om tilskot på kr. 15 000,-. Øvrige kommunar, fjellstyrer og villreinnemnder i tilknytning til Nordfjella har fått tilsvarande søknad. Hol historielag har i lengre tid arbeidd med boka saman med Per Aksel Knudsen. Manus er no i grove trekk ferdig og det står att å finansiere og trykkje boka. Boka har tittelen «Villrein i lys og skygge». Formålet med boka er å gje innsikt i villreinformvaltninga og lære folk å setje pris på fjellnaturen. Samla kostnad for bokprosjektet er kr. 346 875,-.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre gjev tilskot til Hol historielag på kr. 15 000,- til bokprosjekt om villreinformvaltninga i Nordfjella.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom saka og framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 22/23):

Fjellstyret støtta framlegg til vedtak. Fjellstyret vedtok å gje støtte til Hol historielag sitt bokprosjekt (iht søknad) på kr. 15 000,-

23/23: Godkjenning av rekneskap for 2022. Revisjonsmelding

Saksdokument:

- Revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon.

Saksutgreiing:

Gjennomgang v/sekretær av revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon. Rekneskap for 2022 er godkjent.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Sekretær gjekk gjennom revisjonsmelding frå Vestlandsrevisjon som viser til at rekneskap for 2022 er godkjent utan merknader.

Vedtak (sak 23/23):

Fjellstyret tok gjennomgangen til orientering

24/23: Eventuelt

Atle Ulgenes tok opp følgjande saker (som leiar i Hardangervidda villreinutval):

- Villreinutvalet jobbar med etablering av ordning om premiering til jegrar som i år leverer fullstendige cwd-prøvar og sørger for fullstendig registrering av opplysningar i Hjorteviltregisteret.
- Det er særskild viktig at villreinjegrane i år tek cwd-prøvar, og at prøven vert sendt inn til Veterinærinstituttet. Dvs at både hjerne- og lymferprøvar må takast, utfylling av prøveinformasjon må vere fullstendig og registrering i appen Sett og Skutt må vera fullstendig.
- Ulvik fjellstyre vil i forkant av jakta (mellom 10 og 15 august) freiste å få i stand eit jegermøte for jegrar i Ulvik med hovudvekt på riktig prøvetaking (cwd). Ein vil freiste å få til eit felles jegermøte for reinsjegrar og hjortejegrar i Ulvik.
- Villreinutvalet jobbar med å etablere ordning for kalveteljing og strukturteljing på Hardangervidda. Villreinutvalet vil då stå som ansvarleg for gjennomføringa, herunder å henta inn mannskap.

